

Frå: Tore Tomasgard <Tore.Tomasgard@istad.no>

Sendt: fredag 29. juni 2018 14:50

Til: Naturvernforbundet i Møre og Romsdal

Kopi: Håkon Dybwad; Gerhard Eidså; Lars Tore Aarø; Even Holmgren

Emne: SV: Hubro og høgspenliner Istad Nett

Hei!

Vi viser til Dykkar brev der de ber oss gjere greie for våre vurderingar knytta til betring av tilhøva for Hubroen i vårt nettområde. Vi beklagar at vi har sitte over fristen De sette for tilbakemelding.

1. Monterer de nye piggisolatorar på nye liner utan samtidig avbøtande tiltak av lina ved masta?

Vi har ikkje bygd nye luftliner sidan 2013. I åra 2015-16 og 2017 er antal kilometer med høgspenline 22kV redusert med 9 km (ref våre rapportar til NVE), frå 691 km til 682 km. 28,6 av 682 km er isolert line (BLX).

2. Monterer de nye piggisolatorar når gamle må bytast utan samtidig avbøtande tiltak av lina ved masta?

Ja, vi byter isolatorar utan tiltak på sjølve isolatoren (fuglevern). Vi brukar BLX i nedføringar når vi byggjer nytt eller utbetrar anlegg i friluft. Vi nyttar isolert BLX til loopar der vi har bytta ut desse (isolert).

3. Har de sjølv kompetanse, eller skaffar de kompetanse til å vurdere kva strekningar som er spesielt utsett i dykkar forsyningsområde?

Nei. Vi har rapportar frå Norsk Ornitologisk foreining for områda Midøya, Otrøya, Dryna, Hustad og Farstad som vi legg til grunn ved tiltak.

4. Kva andre tiltak har de iverksett for å unngå at hubro dør i kontakt med linenettet dykkar?

Vi har gjennomført tiltak på til saman 34 punkt på våre liner i åra 2013-2017. Desse er basert på rapportane frå Norsk Ornitologisk Foreining.

Vidare er kabling eit tiltak som betrar tilhøva for fugl (sjå punkt 1).

Vi nyttar Isolerte nedføringar ved nybygg eller utbetring av mastearrangement (BLX). Istad har tradisjon for bruk av fuglevern på trafotilkoblingar (hette) i dei områda det er utarbeida kartleggingsrapportar for Hubro.

I samband med søknadsfrist for tilskot i januar 2018 vurderte vi fleire punkt i Farstadorrådet, men rakk ikkje å prosjektere desse innan søknadsfristen.

5. Planlegg de nybygging/renovering av høgspenliner i dykkar område dei neste to åra?

Ja. Vi planlegg å ruste opp Aukralina (høgspenlina Moldeli-Geitholmen).



TORE TOMASGARD | NETTSJEF | Istad Nett AS

epost: tore.tomasgard@istad.no | mobil: 916 54 642 | www.istad.no

Tenk på miljøet og skriv ikke ut denne e-posten om du ikke må.